# Ulike barn, ulike behov

<table>
<tr><th>Det du viser på skjermen:</th><th>Handling</th></tr>
<tr><td>Opne sida</td><td>Introduser måten å jobbe på:<br>Vi skal ha ei lita temaøkt frå Livet&Sånn. Vi skal sjå ein film og de skal få snakke saman i smågrupper. Filmane og opplegget er laga av psykologar og barnevernspedagog, ein kompetanse som supplerer den vi har i skole. Vi brukar dette saman, men eg har ikkje rolla som ekspert eller foredragshaldar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Denne økta handar om at elevane er ulike og har ulike behov. Det er jo ikkje akkurat noko nytt for oss i skole, men vi skal reflektere litt over nokre problemstillingar knytt til dette.<br>Vis filmen <u>Ulike barn, ulike behov - YouTube</u></td></tr>
<tr><td>
</td><td>I filmen er det ein situasjon der den vaksne må gripe inn i ein situasjon der fleire barn har ulike behov på same tid. I slike situasjonar er det alltid fint å vere fleire vaksne, men det er vi ikkje alltid. Her vel han å først gi ein konkret beskjed til den som gjer noko dumt, så sjekkar han at den det gjekk ut over har det greitt, og så sørger han for at dei andre barna fortset med leik før han prøver å få den som gjorde noko dumt til å reparere og få ein ny start.<br><br>Kva tenker de om denne måten å gjere det på? Er det slik vi gjer det her hos oss? Kva er bra med å gjere det slik?</td></tr>
<tr><td>
<table>
<tr><th>Utfordring:</th><th>Det gode unntaket:</th><th>Analyser dette:</th><th>Behov vi kan dekke:</th></tr>
<tr><td>Kva situasjonar med eleven er vanskeleg å få til?<br>Kva skjer i desse situasjonane?</td><td>Kom på ein eller fleire gongar der dette gjekk bra, eller likande situasjonar som brukar å gå bra:</td><td>Analyser situasjonane som går bra:<br>- Er det noko du/de gjer annleis når det fungerer bra?<br>- Er det andre faktorar som er med på å gjere at det går betre då? (tid, valalternativ, tilstand, humor, oppmuntring, ros, dekt grunnleggande behov, anna?)</td><td>Kva viser dette at eleven har behov for i slike situasjonar?<br>Er det noko av dette vi kan forsøke å gjere meir av i desse situasjonane?<br>Kva vil vi forsøke å prøve?</td></tr>
<tr><td>Eksempel:<br>Eleven blir fort uroleg og forstyrrar dei andre elevane i stillesittande arbeidsøkter.</td><td>Eksempel:<br>I kunst og handverk klarer eleven å sitte stille og jobbe med oppgåva si lenge.<br>I stasjonsarbeid med raske skifter kan det gå bra.</td><td>Eksempel:<br>- Det kan sjå ut som eleven fungerer betre med raske skifter?<br>- Det kan sjå ut som det er lettare for eleven å sitte stille over tid når eleven får bruke kreative evner?</td><td>Eksempel:<br>- Eleven har bruk for bevegelse og kreativitet<br>- Kan eleven få sjansen til hyppigare skifter eller kombinere med kreative evner i lange stillesittande arbeidsøkter?</td></tr>
</table></td><td>I filmen introduserast «detektivarbeid» når noko er vanskeleg å få til med eit barn. Vi skal prøve å øve på litt analyse av situasjonar som kan vere vanskelege – ved å fokusere på når dei går bra.<br>Les eksempelet saman og del ut ark slik at dei kan jobbe 3-4 saman om oppgåva.</td></tr>
<tr><td></td><td>Felles refleksjon: er det noko av dette vi tenker vi bør følgje opp? Korleis?</td></tr>
<tr><td>Grå boks øvst – lær meir om dette</td><td>Vis at dei kan gå inn på denne og finne tips til kvar dei kan lære meir om temaet.</td></tr>
</table>